

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021

## Forslag om endring av vedtekten til Sogn og Fjordane Fondet AS

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar at vedtekten § 2 siste setning vert endra frå:

*«Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»*

til

*«Selskapet skal ved si verksemد ikkje ha til føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte, og det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet. Eit evt. overskot skal nyttast i tråd med selskapet sitt føremål - eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/eller i ein tidleg utviklingsfase.»,*

2. Vestland fylkeskommune støttar at vedtekten § 6 vert endra slik at generalforsamlinga ikkje lenger skal handsame utdeling av utbytte som sak på ordinær generalforsamling.

3. Vestland fylkeskommune støttar også framlegget til ny § 7:

*«§ 7 Opplysing/likvidasjon  
Ved opplysing/likvidasjon av selskapet skal eigendelane til selskapet tilkome føremålet til selskapet.»*

4. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringane når generalforsamlinga handsamar saka.

Samandrag

Sogn og Fjordane Fondet AS investerer eigenkapital i bedrifter under skiping og/eller bedrifter i ein tidleg utviklingsfase i Sogn og Fjordane. Fondet si overordna målsetjing er å stimulere til, og styrke, framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter.

Ifølgje gjeldande vedtekter skal selskapet arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane. Styret i selskapet kjem no med framlegg om å fjerne føremålet om avkastning for eigarane, slik at eit eventuelt overskot i selskapet skal reinvesterast i tråd med føremålet.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Vedtekter
- 2 Utkast til nye vedtekter

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane Fondet AS investerer eigenkapital i bedrifter under skiping og/eller bedrifter i ein tidleg utviklingsfase i Sogn og Fjordane. Fondet si overordna målsetjing er å stimulere til, og styrke, framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter.

Fondet investerte per 31.12.20 i følgjande verksemder: Mental Health Informatics AS, Wattif AS, Moovin AS, Eduplaytion AS og Virtualhouse AS. Fondet har tett samarbeid med andre regionale innovasjonsselskap og investeringsmiljø.

Fylkeskommunen sin eigardel er 50 % av selskapet. Andre eigarar er Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken Vestland AS. Dei tre eigarane har vore med sidan skipinga av selskapet i 2017.

Selskapet sin aksjekapital er på 240 000 kr, fordelt på 240 aksjar à 1000 kr. Totalt aksjeinnskot er på 6 mill. kr. Resultat etter skatt har dei siste åra vore følgjande:

År	2017	2018	2019	2020
Resultat etter skatt i heile tusen kroner	3000	-214 000	10 000	1 150 000

Fondet har investert om lag 2,2 mill. kr sidan etableringa i 2017. Det er tapsført ei investering på om lag 200 000 kr i 2018, og ein vinst etter aksjesal på 1,2 mill. kr i 2020. Per 31.12.20 har selskapet ein eigenkapital på 6,9 mill. kr.

Ifølgje gjeldande vedtekter skal selskapet arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkasting for eigarane. Styret i selskapet kjem no med framlegg om å fjerne føremålet om avkasting for eigarane, slik at eit eventuelt overskot i selskapet skal reinvesterast i tråd med føremålet. Styret legg til grunn at eigarane i realiteten ikkje har forventningar om aksjeutbyte. Med ideelt føremål kan selskapet også verte aktuelt som mottakar av gåver frå t.d. ideelle stiftingar som ønskjer å bidra til føremålet.

Styret i selskapet føreslår følgjande vedtektsendringar:

- § 2 i vedtekten vert endra frå:

### **«§ 2 Føremål**

*Føremålet til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase.*

*Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.*

*Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»*

til:

### **«§ 2 Føremål**

*Føremål til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase.*

*Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.*

*Selskapet skal ved si verksemder ikkje ha til føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte, og det skal ikkje utbeta last utbytte frå selskapet. Eit evt. overskot skal nyttast i tråd med selskapet sitt føremål - eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase.»*

- § 6 i vedtekten vert endra frå:

**« § 6 Generalforsamlinga**

*På ordinær generalforsamling skal følgjande handsamast:*

1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, her medrekna utdeling av utbytte.
2. Andre saker som etter lova eller vedtekten hører inn under generalforsamlinga.»

til:

**« § 6 Generalforsamlinga**

*På ordinær generalforsamling skal følgjande handsamast:*

1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding.
2. Andre saker som etter lova eller vedtekten hører inn under generalforsamlinga.»

Styret i selskapet foreslår i tillegg å vedtektsfeste følgjande nye føresegn:

**«§ 7 Opplysing/likvidasjon**

*Ved opplysing/likvidasjon av selskapet skal eigendane til selskapet tilkome føremålet til selskapet.»*

Paragrafnummereringa vert forskyvd slik at tidlegare § 7 og § 8 vert ny § 8 og § 9.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet utøver eigarskapen på vegner av fylkestinget i dei fleste sakene om fylkeskommunal eigarskap, slik det følger av reglementet for fylkesutvalet, innleiinga, kulepunkt fire. Fylkesutvalet tek dessutan avgjerd i saker der avgjerdsmynne ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemد, jf. reglementet for fylkesutvalet punkt 2.1.7.

Vurderingar og verknader

Medan selskapet i gjeldande vedtekter har til føremål å oppnå tilfredsstillande avkasting for eigarane, står det i endringsforslaget at selskapet sitt eventuelle overskot skal reinvesterast i nye oppstartsbedrifter i tråd med føremålet til selskapet.

Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen i Sogn og Fjordane Fondet AS er næringsutvikling ved å delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap. Fylkeskommunen si grunngjeving for eigarskap er altså ikkje finansiell. Ei reinvestering av eventuelle overskot i tråd med selskapet sitt føremål, vil derfor ikkje gå på tvers av fylkeskommunen sitt eigarskapsføremål.

Selskapet skal ifølge aksjonæravtalen arbeide for å auke aksjekapitalen. Med endra føremål ser selskapet for seg at det også kan gjere seg aktuell som mottakar av gåver frå t.d. ideelle stiftingar som ønskjer å bidra til føremålet.

**Økonomi:** Endringa er prinsipielt viktig, men medfører ikkje nokon realitetsskilnad for fylkeskommunen, sidan selskapet ikkje tidlegare har gjeve eigarane utbyte.

**Klima:** Ikke direkte relevant.

**Folkehelse:** Ikke direkte relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår fylkesutvalet å gjøre vedtak om at Vestland fylkeskommune støttar forslaget om vedtektsendringar, og om at eigarrepresentanten skal røyste for forslaga når saka vert handsama på generalforsamling i selskapet.